

# Pressemelding

Sperrefrist 21.6.2017 kl. 12:00.

Sunnfjord Energi har i dag fått konsesjon av Kongen i statsråd for bygging av Jølstra kraftverk i Førde og Jølster.

Faktaboks om prosjektet:

- Årsproduksjon 209 GWh
- Ny energi 176 GWh
- Prosjektkostnad 704,5 mill. NOK
- Utbyggingspris 3,37 kr/kWh
- Utb.pris ny energi 4,00 kr/kWh
  
- Minstevassføring sommar 12 m<sup>3</sup>/s
- Minstevassføring vinter 4 m<sup>3</sup>/s
- Min slukeevne 3,5 m<sup>3</sup>/s
- Maks slukeevne 55 m<sup>3</sup>/s
- Fall 132 m
  
- Tunellar 5,75 km
  
- Installert effekt 60 MW
- Aggregat 2
- Nettside: [www.jolstra-kraftverk.no](http://www.jolstra-kraftverk.no)

Sunnfjord Energi har jobba med prosjektet fast dei siste ti åra, og sendte konsesjonssøknad i 2013.

«Vi er glade for at konsesjonen er endeleg avklara, og vi ventar å legge prosjektet fram for investeringsavgjerd for styret før jul», seier adm. dir Fredrik Behrens i Sunnfjord Energi.

For at kraftverket skal kome med i elsertifikatordninga har selskapet parallelt med konsesjonshandsaminga jobba med detaljplanar. Selskapet har nyleg invitert kvalifiserte tilbydarar til å inngi anbod. «Prosjektet er kostnadsrekna til om lag 700 millionar kroner og vi vonar at ein stor del vil ligge att lokalt», seier prosjektleiar Kjell Johnny Kvamme. Han oppmodar lokale bedrifter om melde interesse ved å registrere seg på prosjektet sine nettsider.

Dersom kraftverket vert realisert kan Førde og Jølster kommune sjå fram til 7-8 millionar kroner årleg i auka inntekter. Kommunane vil også få tunellmassane til opparbeiding av industriområde på Moskog.

Bilde og kart for bruk i pressesak kan lastast ned frå prosjektets nettside [www.jolstra-kraftverk.no](http://www.jolstra-kraftverk.no), under fanen Media.

Kontaktpersonar:

Administrerande Direktør Fredrik Behrens tel: 90080055 e-post: [fredrik.behrens@sunnfjordenergi.no](mailto:fredrik.behrens@sunnfjordenergi.no)

Prosjektleiar Kjell Johnny Kvamme tel: 95989033 e-post: [kjell.johnny.kvamme@sunnfjordenergi.no](mailto:kjell.johnny.kvamme@sunnfjordenergi.no)